


Merknadsskjema – planoppstart / offentlig ettersyn av forslag til planprogram

Plannamn	Grøn omstilling på Mongstad
Arealplan-ID	4631_2020006
Saksnummer	20/17061
Utarbeidet av	Multiconsult
Sist revidert	19.05.21

N r	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale	Forslagsstillers kommentar
1	Vidar Seljelid, 29.01.21, Seljelid trucktleie	1. Vil disse rørgatene påvirke min eiendom. Vil de gå under min eiendom? Kan jeg bygge oppå rørgaten? Hvor stor del av min tomt regner dere med å ta beslag på? Vil dere endre på vei, sykkelsti og rundkjøring som berører min tomt i dagens reguleringsplan? Rundkjøring som er tegnet inn ligger delvis i grønt areal, sykkelsti som er tegnet inn er plassert ved siden av dagens vei og blir nesten umulig å lage. Logisk burde den plasseres der veien går i dag og dermed flyttet veien noen meter til siden. Da vil min tomt ikke bli berørt og rundkjøring kan da trekkes ut av grønt område. Dersom det er viktig å lage rundkjøring. Rundkjøring bruker mer areal enn nødvendig.	1. Energitunnel vil gå under eigedomen. Det tas ikkje «beslag» på eigedomen. Kan byggjast på eigedomen. Vei, sykkelsti og rundkøyning vil ikkje endrast. Energitunnel vil bli detaljert på senere tidspkt. Ifbm. prosjektering. Meir detaljert omtale av planframlegget (planomtale, plankart, føresegner, ROS-analyse mv.) vil vera tilgjengelig ved offentlig ettersyn.
2	Austrheim kommune v/ Plan, bygg, oppmåling og miljø – Asbjørn Nagell Toft. 11.12.20	1. Dersom det er naudsynt å flytta reine torv- og jordmassar så ber me om at dette kan løysast utan å køyra på offentlig veg meir enn naudsynt. 2. Det er aktive bønder/grunneigarar nær planområdet som det etter avtale truleg kan tilkøyraast reine massar til. Dette vil gjera masseforflyttinga meir rasjonelt, trafikkmessig og klimamessig betre for alle. 3. Viktig å ta omsyn til all infrastruktur knytt til VVA og anna i dette området	1. Innspelet blir tatt med vidare. Pt. Veit vi ikkje om behov for flytting av reine massar. Dersom behovet oppstår, er det aktuelt å omtale bruk av offentlig veg og moglegheiter for avtaler med bønder i plandokumentasjonen. 2. Sjå over. 3. Omsyn til all infrastruktur er viktig i det vidare planarbeidet. Det vart mellom anna utarbeida ny VA-rammeplan og vurderingar kring energitunnel vart gjort i samordning med aktørar i området (BKK mv.) i tillegg til Austrheim og Alver kommune.
3	Kystverket, 20.01.21 Turid Susort Jansen	1. Fensfjorden er ei trafikkert farlei og ein må vurdere tryggleik og forureining knytt til ulykker/uhell i farleia, og kva konsekvensar dette kan utgjere for natur, næring og samfunn. I bilde under er farleia vist med blå stipla linje. Grønt areal med viser kor Kystverket har mynde etter havne- og farvannsloven, og er det	1. Vurderast / kommenterast i plandokumenta. Føresegna vil inkludera: <i>Tiltak i sjø som utfylling, leidningar i sjø og kai/hamneområde i sjø m.m. som fell inn under hamne og farvasslova skal godkjennast av hamnemynde.</i>



		<p>geografiske arealet til farleiene jf. Forskrift om farleder (FOR-2019-12-11-1834). Vi gjer merksam på dette allereie nå med tanke på framtidige sjøvassleidningar.</p> 	
4	Statnett, 21.01.21 Kars Erik Vindfallet	<ol style="list-style-type: none"> 1. overdekningen til energitunellen skal være minimum 15 meter 2. Statnett bemerker at tiltakshaver må utrede anleggsarbeidet med tunellen med tanke på rystelser på de elektriske anleggene. Resultatene må kunne dokumenteres og kontrolleres og kostnadene forbundet med målingene må dekkes av tiltakshaver. 3. Statnett ber om utredning av eventuelle utslipp fra næringsvirksomheten som kan føre til ising eller forurensning på ledninger, muffeanlegget eller kablene i Fensfjorden, samt beskyttelse med autovern mellom vei og muffeanlegget med tanke på utkjøring av tyngre kjøretøy som kan medføre skade på de elektriske anleggene. 4. Statnett er i planfase knyttet til økt transformering i Lindås transformatorstasjon. Det forventes å søke om konsesjon etter energiloven for dette tiltaket i 2021. I all hovedsak er dette tiltak innenfor Statnetts egen eiendom. Imidlertid vil det bli anleggsarbeider og behov for midlertidige rigg og lagerarealer rundt stasjonen under anleggsarbeidene 5. Statnett ber om tilgang til landingsplass for transformatortransport på kaia (RO RO rampe) 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tas til etterretning. 2. Det er oppretta kontakt med Statnett. Alle tiltak gjerast i samråd med Statnett og etter gjeldande lovverk for dette ifbm. med søknad og tiltak. 3. Det er oppretta kontakt med Statnett. Muffeanlegget ligg ikkje inn i planområdet. Føresegn tilpassa dette vurderast. Ei skildring/utgreiing av eventuelle utslepp frå næringsverksemden vil ligge føre ved byggeplan. 4. Behov for midlertidige rigg- og anleggsområde inn i planområdet vurderast i samråd med Statnett. 5. Tilkomstveg til RORO rampe er privat og det må søkast om bruk i kvart tilfelle. Det er rent praktisk fullt mogeleg å få tilgang til landingsplass for transformatorplass. 6. Hensynssoner og føresegner i høve merknaden vil innarbeidast i juridiske plandokument i samråd med Statnett. Jordkabel og sjøkabel unntakast offentlegheit og takast ikkje inn i plankartet, samt tas ut av merknaden før den vert lagt

		<p>som vist med rød sirkel i kartvedlegg 4</p> <p>6. Transmisjonsnettledninger skal innarbeides i plankartet som hensynssone med SOSI-kode H740 (båndlegging etter energiloven) og tilhørende reguleringsbestemmelser (plan- og bygningsloven § 11-8 d) / § 12-6). Statnett ber om at følgende reguleringsbestemmelse knyttes opp mot hensynssonen for transmisjonsnettanleggene: <i>Det er ikke tillatt med ny bebyggelse innenfor hensynssonen. Alt anleggsarbeid og alle tiltak i terrenget innenfor hensynssonen skal på forhånd avklares med ledningseier.</i> Hensynssonen bør være identisk med ledningsanleggets byggeforbudsbelte. Byggeforbudsbeltet tilhørende transmisjonsnettledningen er totalt 42 meter bredt, 21 meter målt horisontalt til hver side fra senter av ledningen. Vi ber om at hensynssonen H740 trekkes over tomten for Lindås transformatorstasjon samt tomten til muffeanlegget. Av hensyn til forskrift om sikkerhet og beredskap i kraftforsyningen skal jordkabelføring og sjøkabel unntas offentlighet slik at disse ikke inntegnes i plankartet.</p> <p>7. Det må ikke iverksettes tiltak som medfører forringelse av adkomst til Statnetts anlegg. Det må heller ikke gjøres inngripen i terrenget som medfører endring av overdekningen over jordkabler, skade på mastejording eller oppfylling av terrenget som medfører redusert høyde opp til luftledningsanlegg. Arbeid nært spenningsatt anlegg, for eksempel sprengningsarbeid, anleggsarbeid og skogsarbeid, må skje på en måte som ikke gir fare for skade på personell eller Statnetts ledninger, maskiner og utstyr. Det er en varslingsplikt for slikt arbeid dersom det skal foregå nærmere enn 30 meter målt horisontalt fra nærmeste strømførende line. Statnett skal da kontaktes seinest 6 uker før planlagt oppstart av arbeidet, slik at befaring kan gjennomføres og avtale om aktuelle sikkerhetstiltak kan inngås</p>	<p>ut til offentlig ettersyn. Dette gjerast i samarbeid med kommune som har ansvar for utlegging av plan til ettersyn.</p> <p>7. Tas til informasjon og etterretning. Føringer fra plan utarbeidast i samråd med Statnett.</p>
5	Bergen Brannvesen, 11.01.21 Ragnhild Østgulen Mortensen	1. Ber om at henvendelse rettes til Nordhordland brannvesen.	1. Tas til informasjon.
6	Alver kommune – Landbruk, 20.01.2, Laila Bjørge	1. Landbruksavdelinga har ingen merknader til planprogrammet, men vil gjerne nytta høve til å koma med eit par spørsmål: Er det vurdert om det planlagte biogass anlegget og kan brukast til husdyrgjødsel for landbruket	1. Biogass-anlegget har som ambisjon å nyttiggjøre alle elementer i verdikjeden. Berekraftig bruk er sentralt fokus.

		<p>eller matavfall?</p> <p>Kva bruk ser ein for seg av biorest frå anlegget? Skal det nyttast til gjødsel og eventuelt kvar?</p>	
7	Statens Vegvesen, 27.01.21, Ingelin Garen	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ved planområdet er det fylkesveg. SVV legg til grunn at drøftingar og avklaringer knytt til trafikksikkerheit og framkomst på desse vegane skjer i dialog med Vestland fylkeskommune. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tas til informasjon.
8	NVE, 28.01.21, Toralf Otnes	<ol style="list-style-type: none"> 1. Generell informasjon om flaum, erosjon, skred, overvatn, vassdrag- og grunnvasstiltak. 2. Energianlegg: Eit vel fungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tas til informasjon. Det utarbeides ROS-analyse og VA-rammeplan i planen, som vil svare ut aktuelle tema her. 2. Det er oppretta kontakt med BKK, Statnett og Equinor.
9	Miljødirektoratet, 25.01.21, Katrine Hauglund	<ol style="list-style-type: none"> 1. Miljødirektoratet har ingen konkrete kommentarer til planene på det nåværende stadiet i prosessen. Vi vil imidlertid gjøre oppmerksom på at grunnforurensningssituasjonen på delen av Mongstad hvor Equinor driver raffineri er svært uavklart, og at vi derfor har pålagt bedriften omfattende undersøkelser og tiltak på raffineriets område. Endelig ferdigstilling av kartlegging og tiltak er satt til mars 2022. Vi ber derfor om at det tas hensyn til mulig grunnforurensning, dersom det legges opp til tiltak i grunnen på Equinors område som kan være forurenset av raffinerivirksomheten. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Omsyn til evt. grunnforureining vil skildrast i plandokumenta, mellom anna i ROS-analyse. Høvelege føresegn om dette vurderast i planprosessen. Kontakt med Equinor om emne er oppretta. Energitunnel m/oppkoblinger, sjakter, rømningsveger og ventiler vert lokalisert langt unna forureina areal. Prosjektering og tiltak av energitunnelen vert gjort etter gjeldande lover for dette og i tett samarbeid med aktørane i området.
10	Vestland Fylkeskommune, 28.01.21, Liz Eva Tøllefsen	<ol style="list-style-type: none"> 1. Næringsutvikling: positiv til grøn omstillingsprosjekt på Mongstad 2. Akvakultur: positiv til landoppdrett og ber om at det vert nytta oppdatert kunnskapsgrunnlag i høve til konsekvensutgreiing av oppdrettsanlegget for og å ta omsyn til livet i havet i nærleiken av anlegget. 3. Elkraft: Planen for grøn omstilling på Mongstad bør leggja føringar knytt til nettilknytning for straumuttak. Med så mange komponentar som er med i spel her bør ein ha mål om at desse skal arbeida saman i «microgrid» for å avlasta kraftnettet som skal koplust til. Dette kan i tillegg auke forsyningstryggleiken, eller i tilfelle gjera forsyninga meir føreseieleg, for dei ulike aktørane i planområdet. Eit steg i denne retninga vil vera å leggja til rette for energi bufferar. Dette kan allereie vere tenkt innlemma i 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tas til informasjon. 2. Det er nytta eksisterande kunnskapsgrunnlag i konsekvensutgreiinga til planarbeidet. I samband med konsesjonssøknadsprosessen skal det gjennomførast resipientundersøkingar og straummodellering i området, men dette arbeidet er ikkje starta opp enno (februar 2021). I samband med konsesjonssøknaden vil òg vurderingar knytt til utsleppsmengd og -innhald, samt påverknad på resipienten gjerast. Oppdatert kunnskap vil inkluderast iht. Gjeldande lover/regler for dette. 3. Det er ein intensjon i planen at anlegget skal vera ein fleksibel brukar av eksternt

		<p>hydrogenproduksjon. Vi tenkjer likevel det bør vera ein intensjon i planen at anlegget skal vera ein fleksibel brukar av det eksterne kraftnettet</p> <p>4. Biogass: Tilknytt biogassanlegg vil truleg ha innslag av andre organiske material sidan fiskeensilasje er spesielt potent og gjev god gassproduksjon ilag med mindre potente stoff. Ein bør då ha ein intensjon om at dette skal forsynast frå lokale verdikjeder, t.d. land- og skogbruk</p> <p>5. Samferdsel: Planavgrensinga viser ikkje tilkomst til overordna transportnett. Vi meiner at forholdet til overordna transportnett må vere ein av momenta som skal vurderast i KU som verknad på miljø og samfunn, og elles i det vidare planarbeidet.</p> <p>6. Vi ber om ei trafikkanalyse og ei vurdering av kapasiteten i kryssa mot fylkesveg 57, og ei vurdering om dei er dimensjonert for forventa trafikk. Vi ber og om ei vurdering av forholda for mjuke trafikantar og kollektivdekning i området som skal skape mange nye arbeidsplassar. Vi ber om ei utgreiing av anleggsperioden, og evt, behov for massetransport. Vi vil særleg vise til punktet Tilhøve til annan planlegging og minne om gjeldande reguleringsplan RV 57 kryss Mongstad Sør og pågåande planarbeid Fv 57 med gang og sykkelveg. Lindås tettstad – Mongstad. Det føreligg allereie godkjent reguleringsplan Fv. 57 Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset (2016). Det vidare planarbeidet må tilpasse seg gjeldande planar og pågåande planarbeid for fylkesvegen, og vurdere behov for rekkjefølgjekrav for opparbeiding av naudsynt infrastruktur både for harde og mjuke trafikantar. Det må vurderast eit eventuelt behov for å utvide planområdet til å omfatte tilkomst til overordna vegnett</p> <p>7. Kulturminne og kulturmiljø: ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. <i>Areal på land</i>: Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innafor planområdet. I forbindelse med tidlegare planarbeid på Mongstad er det gjennomført arkeologiske registreringar, det vart då registrert arkeologiske kulturminne i nærheita av plangrensa. Fleire av desse vart utgravne</p>	<p>kraftnett. Det er oppretta kontakt/samarbeid med BKK, Statnett og kommune på dette.</p> <p>4. Biogass-anlegget har som ambisjon å nyttiggjøre alle elementer i verdikjeden. Berekraftig bruk er sentralt fokus.</p> <p>5. Tilhøvet til overordna transportnett vil kommenterast i plandokumenta. Det vil utarbeidast trafikkanalyse som vil inkluderas i plandokumentasjonen, inkludert KU-en.</p> <p>6. I tidlegare planarbeid (Storemyra og Storhamn Mongstad) har problemstillinga vedrørande tilkomstvegen frå Fv57 (Storemyravegen) vore drøfta. Rekkjefølgjekrav i høve utbedring av tilkomstvegen (Storemyravegen) knytta opp mot prosentvis utbygging har vore tema. Av gjeldande føresegner er det ikkje vedtatt nokon slike rekkjefølgjekrav.</p> <p>Bygging av eit oppdrettsanlegg vil ikkje endre trafikktilhøva. Storemyra industriområde er i hovudsak bygget ut i henhold til gjeldande planer. Storhamn Mongstad er ikkje etablert som forutsatt i gjeldande reguleringsplan då storhamn for Bergensområdet ikkje lenger er aktuelt. I dag er det såleis kun vanleg baseverksemd i hamneområdet. Etableringa av oppdrettsanlegget vil såleis koma i staden for storhamna og ikkje i tillegg. Talet på arbeidsplassar knytta til oppdrettsanlegget vil i framtiden vere omtrent det same som om storhamnen var etablert. Biltrafikk, spesielt tungtrafikk til/ frå oppdrettsanlegget vil vere lågare enn til storhamnen. Oppdrettsanlegget vil i hovudsak bli «servet» via sjøtransport. Dette gjeld både i anleggsfase og driftsfase. Ferdige produkt vil sannsynlegvis også bli frakta ut via båt. Trongen for utbedring av Storemyravegen ut mot Fv57 vil såleis ikkje vere til stade. Trafikken nordover via raffineriet har tidlegare ikkje vore tema då trafikken på denne veggen vil bli lite påverka. Oppdrettsanlegget får tilkomst til Storemyravegen som regulert i gjeldande plan. Utbedringa av Storemyravegen</p>
--	--	---	---

		<p>arkeologisk. Potensialet for nye funn av automatisk freda kulturminne innanfor planområdet vart likevel vurdert å vera lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. <i>Areal i sjø</i>: Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Mongstad gbnr. 127-91 m.fl., i Alver kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Museet har derfor ingen merknader til reguleringa. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Vi gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne</p>	<p>(sammenbindingsvegen) er utført i henhold til gjeldande plan med eiga GS-veg. Oppdrettsanlegget endrar ikkje noko på dette.</p> <p>Massetransport i anleggsfasen vil berre i svært lita grad skje på offentleg veg då all tunnelmasse skal nyttast lokalt i anlegget. Transport av myrmasser (som kommentert av Austrheim kommune) er ikkje ei aktuell problemstilling.</p> <p>Trafikkanalyse vil bli utarbeida.</p> <p>7. Tas til etterretning. Kulturminne vil inngå som tema i plandokumentasjon, der både eksisterande situasjon, regelverk, evt. konsekvenser og avbøtande tiltak omtalast.</p>
11	Fiskarlaget vest, 28.01.21, Eirin Kongestøl Espeland	<p>1. Fiskarlaget Vest har ikkje merknadar til planarbeidet under føresetnad at ein tar omsyn til det marine liv. Når det gjeld landbasert oppdrett, må ein unngå tilføring av framandartar og kjemikalier brukt til luse- og sjukdomsbehandling til sjø. Ein føreset at utslippet er tilstrekkeleg reinsa og blir lagt i eit område med gode straumtilhøve. Når det gjeld utlegging av leidningar i sjø, føreset ein at det ikkje blir ankringsforbod i området. Leidningane må leggjast utan heng og det må nyttast fester som fiskereiskap ikkje heftar i. Alle leidningar i sjø må sendast til Kartverket for registrering på sjøkart</p>	<p>1. Omsyn til marint liv vil kommenterast i plandokumenta og i meir detaljert grad skildrast i konsesjonssøknaden etter anna lovverk.</p> <p>Leidningar, ankringsforbod: Føresegna vil inkludera: <i>Tiltak i sjø som utfylling, leidningar i sjø og kai/hamneområde i sjø m.m. som fell inn under hamne og farvasslova skal godkjennast av hamnemynde</i></p>
12	Fiskeridirektoratet, 28.01.21, Ina Gil Solheim	<p>1. Vi meiner planprogrammet er godt utarbeidd og inneheld god omtale av føremålet og planprosessen, samt opplegg for medverknad, konsekvensutgreiing og utgreiingstema</p> <p>2. Fiskeridirektoratet meiner konsekvensutgreiinga må få tydeleg fram korleis eit eventuelt utslipp frå oppdrettsanlegget på land vil påverke vassresipienten i Fensfjorden. Eit stort landbasert anlegg vil generere storer mengder slam og næringssalter, og det må komme fram kor mykje av dette som vil kunne fangast opp før utslipp til</p>	<p>1. Tas til informasjon.</p> <p>2. Utslipp frå oppdrettsanlegget vil vere tema i konsesjonssøknaden for landoppdrett, etter anna lovverk. Plandokumenta vil i nødvendig grad (jf. omtalt i planinitiativet og planprogrammet) ta inn informasjon frå konsesjonssøknaden.</p>

		<p>sjø. Dersom det planleggast tiltak på land som kan få negative konsekvenser for fiskeri og marint miljø, til dømes sprenging, ber vi om at dette også vert omtalt i konsekvensutgreinga.</p> 	
13	<p>Direktoratet for mineralforvaltning, 01.02.21, Karoline Ulvund</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Planområdet rører ved pukkførekomsten, Kvernhusviki, av lokal betydning, i Noregs geologiske undersøking (NGU) sin grus- og pukkdatabase1. NGU beskriv førekomsten som mogeleg framtidig uttaksområde. Delar av førekomsten er allereie bandlagt av eksisterande næringsområde, men ut i frå flyfoto ser det ut til at det er teke ut massar enkelte stader der det ikkje er bygningar. I saker som omhandlar etablering av næringsverksemd, er DMF oppteken av om det skal takast ut massar frå området som ein del av tilrettelegginga av arealet eller om det vil bli drive masseuttak. I så tilfelle gjer DMF ei vurdering av om tiltaket er omfatta av minerallova sitt krav til driftskonsesjon, etter minerallova § 43. Vi kan ikkje sjå at det er gjort greie for eventuell terrengtilpassing eller vidare bruk av område der det tidlegare har vorte teke ut massar. DMF ber om at dette blir innarbeida i planprogrammet. Dersom massar skal takast ut frå området, bør det utgreiast for kva massane skal nyttast til. Det same gjeld uttak av massar for tunnelbygging under bakken. 2. Konsekvensutgreiing: DMF ser at mineralar er teke med under tema om naturressursar. Under fanen om aktuelt eksisterande materiale/kunnskap, er det derimot ikkje teke med kunnskapsgrunnlag for mineralressursar. Vi oppmodar om at NGU sin grus –og pukkdatabase 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Etablert pukkverk ligg utanfor planområdet (sjå trekant i snippen under).  <p>Eit større område er registrert som mogeleg</p>

		blir lagt til grunn for vurdering av mineralressursen i området	<p>framtidig uttaksområde. Planen legg til rette for uttak av masser ifbm tunnel-driving. Massane vil bli brukt lokalt og det er aktuelt med krav i føresegna til ferdig utarbeida massehandteringsplan før igangsetjingsløyve kan gjevast. Det er også aktuelt med føresegn om at sprengingsarbeid og uttak av massar, skal vurderast og prosjekterast av fagkyndig geolog i samband med søknad om tiltak.</p> <p>2. Tas til etterretning.</p>
14	Equinor, 18.01.21, Arne Christian Kolstad	<p>1. For Equinor er det av interesse at kjølevatn frå raffineriet kan nyttast til andre industriføremål i nærområdet. Likeeins er det særdeles viktig at det planlagde tiltaket ikkje vil få negative konsekvensar for dagens verksemd, den framtidige utviklinga av raffineriet på Mongstad og utnyttinga av Equinor sine landareal.</p> <p>2. Ved etablering av energitunnellar må det leggest vekt på å minimere fotavtrykket på bakken og omfanget av evt. omsynssoner. Ein vil også gjere merksam på at det er satt av fareområde eldfarleg opplag for eksisterande og framtidig industriområde i reguleringsplan for Statoil industriområde Mongstad.</p>	<p>1. og 2. Tunneltrasèen ligg under, langs eksisterande samanbindingsveggar i området. Tunnelane er ikkje detaljert, prosjektert enda men vil ha breidde på ca. 5 meter og høgde ca. 7 meter og ha minimum 15 meter overdekning og sidedekning, slik at reellt areal under bakken med restriksjon inn mot Equinor sine område er mykje mindre. Planavgrensinga er vid for å gi fleksibilitet i planfase til endeleg plassering av tunnel. Tunnel under bakken vil ha rystelses-restriksjonar (litt avhengig av innhaldet i tunnel) men er robuste og vil tåle sprenging/rystelser betre enn konstruksjonar på bakken normalt gjer.</p> <p>Det er eit sentralt fokus å ikkje skapa negative konsekvensar for eksisterande og framtidig utvikling av Equinors områder. Det er allereie tett kontakt med Equinor i høve tunnel-traseane, og aktuelle reguleringar i plan, prosjektering, tiltaksfase- og driftsfase må gjennomførast i tett samarbeid med Equinor. Sjakter, rømningsveger og ventilar ut frå tunnel vil ikkje plasserast inn på Equinors område og vil planleggjast i samråd med Equinor.</p> <p>Reguleringsplanen vil ikkje regulera på bakken i raffineriområdet, berre i vertikalnivå 1, under bakken. Det vil regulerast omsynssone langs Statnett sine liner oppå bakken. Denne vil også gjelde for Equinor. Gjeldande planar for raffineriområdet vil framleis gjelde på bakkeplan, og reguleringsplanen vil ta</p>

			omsyn til fareområde for eldfarleg opplag.
15	Statsforvalteren, 26.01.21, Hege Brekke Hellesøe	<ol style="list-style-type: none"> 1. Konsekvensutgreiinga vil byggje på konsekvensutgreiingar som allereie er utarbeidde i samband med gjeldande planar i området. Dette tek vi til orientering, men vi presiserer at det òg må vurderast om det finst ny aktuell kunnskap som også må nyttast i konsekvensutgreiinga. 2. Planarbeidet må vise planen sine verknader på miljø og samfunn jf. pbl § 4-2. 3. <u>Naturmangfald</u> Verknaden for naturmangfald, både på land og i sjø må vurderast godt nok, jf. Naturmangfaldlova §§ 7 og 8-12. Konsekvensutgreiinga må ta for seg kva potensiell påverknad utsleppa kan ha på økosystemet. Det må gjerast berekningar av utsleppa si storleik, samansetning og spreieing. Det er viktig at lakselus-situasjonen i Nordhordland ikkje vert forverra. Sjølv om oppdrett på land i prinsippet ikkje skal ha dei sama utfordringane som eit anlegg i sjø med tanke på lakselus, må det vurderast om det er fare for utslepp av lakselus og spreieing av fiskesjukdomar. Det må også vurderast kva verknad dette kan få for villfisk i området. Vidare må risiko for- og avbøtande tiltak for å unngå rømming frå anlegget vurderast og i tilstrekkeleg grad arbeidast inn i planen. Statsforvaltaren vurderer dette som viktige plantema som ikkje åleine kan skyvast på til handsaming av konsesjonssøknaden. 4. <u>Strandsone og landskap</u> Viser til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona av 25.03.2011. Statsforvaltaren meiner at særleg landskapsverknad og avbøtande tiltak må vurderast i planen. 5. <u>Rammer for planarbeidet</u> I planprogrammet vert rammer for planarbeidet lista opp. Statsforvaltaren meiner at ein må ta med Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø og lakse- og innlandsfisklova i denne lista. 6. <u>Massehandtering</u> Planarbeidet må vurdere massebalanse og eventuelt ha ein plan for handtering av 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det vil vurderast i planarbeidet om det finst ny kunnskap som må nyttast i KU-en. 2. Tas til etterretning. 3. <u>Naturmangfald</u> Verknad for naturmangfald på land og i sjø vil bli vurdert i planarbeidet. Konsekvensutgreiinga vil ta for seg kva potensiell påverknad utsleppa kan ha på økosystemet. Detaljane for anleggsutforming, produksjonsplan og straummodellering er ikkje kjend/gjennomført på det noverande tidspunktet, og desse emna vil bli handsama i samband med utarbeiding av konsesjonssøknaden, som kjem seinare i prosessen. Planarbeidet vil likevel vurdere toleevna til fjordsystemet, basert på eksisterande kunnskapsgrunnlag. Risiko for utslepp av lakselus, spreieing av fiskesjukdomar og rømming, samt eventuell verknad for villfisk i området er tema som vil bli handsama i planarbeidet. Meir detaljerte vurderingar knytt til anleggsutforming, produksjonsplan og -opplegg vert handsama i samband med konsesjonssøknadsprosessen. 4. Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona vil kommenteres i planarbeidet og landskapsverknad og evt. avbøtande tiltak vurderes. 5. Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø og lakse- og innlandsfisklova vil inkluderast i lista. 6. All uttak av masse vil handerast internt i området. Det vil bli stilt krav til massehandteringsplan i føresegna.

		overskotsmassar.	
16	BKK	<ol style="list-style-type: none"> 1. Informerer om planleggingen av fabrikk for flytende hydrogen og de synergieffekter denne kan ha for utvikling av området. 2. Planprogrammet, kap 4.2 - Planframlegget: Vi ber om følgende tillegg under liste over sirkulærvirkningene for prosjektet og at skisse 14 oppdateres med dette: «Hydrogenprosjektet får moglegheit til å føre frem Nitrogen i rør til raffineriet.» Tunell løsningen bør være av en slik størrelse at fremtidige og mulige endrede behov kan ivaretas. Oppkopplingsløsninger sett fra Hydrogenfabrikken kan være eks varmtvannsrør, oksygenrør, kraftkabler og nitrogenrør og mulige fremtidige Hydrogen og/eller hydrokarbon rørføringer mellom raffineri og hydrogenproduksjonsanlegg. 3. Planprogrammet, kap. 5.1 – Utsiling av KU-emne: Behovet for å nivellere den fremtidige hydrogenfabrikken kan være relevant og derved behov for tilkjørt steinmasse, eks sprengstein fra tunelletablering. I sirkulærøkonomi og miljø perspektiver bør det legges til rette for at dette kan realiseres, dersom behov avdekkes. 4. Planprogrammet, kap. 5.3 – Utgreiingsprogram: Det kan bli aktuelt for hydrogenprosjektet å gjennomføre en konsekvensutredning. Vi ønsker å kommentere at det kan være synergier og at kan være interessant for hydrogenprosjektet å inngå ett samarbeid om deler av konsekvensutredningens emneområder. 5. Det er viktig å sikre at ny reguleringsplan ikke legger hinder for våre hydrogen prosjektplaner, i prosjektfasen så vel som i driftsfasen – dette gjelder for hydrogenfabrikken, men også fremføring av kraftkabel, veg og rørføringer som kan komme i konflikt med planprogrammet. Det kan nevnes at det vil være nødvendig å krysse kraft trase med for eksempel en vannledning til hydrogenfabrikken og at denne kan følge parallelt med ny tunnel. Ved utarbeidelse av tunell, her typisk: personell/kjøretøy bevegelser, sprengning og transport av sprengstein -må dette også koordineres med hydrogenfabrikkaktiviteter. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tas til informasjon. 2. Tas inn i planprogrammet. Tunnel-løsningen vil ta høyde for de løsninger som refereres og tett kontakt med aktørene forutsettes videreført. 3. Det vil tilrettelegges for at masser frå tunnel-driving kan nyttast ifbm. etablering av hydrogenfabrikken. 4. Tas til informasjon. Dialog om dette tas opp. 5. Det er eit sentralt fokus å ikkje skapa negative konsekvensar for utvikling av hydrogenanlegget. Det er allereie dialog med BKK, Equinor, Statnett, og aktørane i området i høve tunnel-traseane, og aktuelle reguleringar i plan, prosjektering, tiltaksfase- og driftsfase må gjennomførast i tett samarbeid med desse.
17	Alver kommune, 23.03.21 Samferdsel, veg-, vatn- avløp	<ol style="list-style-type: none"> 1. I den tekniske planen må det vurderast behov for hydrant i tillegg til brannventil i kum. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Følgjande tekst er lagt inn i kap. 4.1.1 i VA-rammeplan: «Behov for hydrant i tillegg til

	forvaltning	<p>Brannforebyggande i Alver kommune må gi uttale til dette, når den tekniske planen føreligger.</p> <p>2. pkt 4.2 – «Spillvatn frå oppdrettsanlegg skal pumpast til den nye reinsestasjonen»</p> <p>Vi reknar med dette er avløpsvatn frå sanitærbruk. Er det annet en avløp frå anlegget må dette førast til eit utslepp for industrivatn eller etablere eit eige utslepp.</p> <p>3. Pkt.4.2.1 – «Oljeutskiljaren må etablerast slik at vatn frå renna renner via oljeutskiljaren før det blir pumpa opp til spillvassystemet og pumpa vidare i spillvassystemet på planområdet».</p> <p>I dette punktet blir det skissert at overvatn frå kai området, skal førast til oljeutskiljar og vidare inn på spillvassnettet. Overflatevatn som blir ført til oljeutskiljar kan ikkje vidare førast inn på spillvassnettet. For dette må de finne andre løysningar. Industrivassutslepp eller andre alternativ.</p>	<p>brannkum bør vurderast. Brannforebyggande i Alver kommune må gi uttale til dette når den tekniske planen føreligg».</p> <p>2. Dette gjeld kun for avløpsvatn frå sanitærbruk. Dette er supplert inn i VA-rammeplanen.</p> <p>3. Følgjande tekst er lagt inn i kap. 4.3.2: Oljeutskiljaren må etablerast slik at vatn frå renna renner via oljeutskiljaren «før det går vidare til overvasssystemet på området, evt. til prosessavløp. Dette må avgjerast i detaljprosjekteringa»</p>
18	Austrheim kommune, 30.04.2021	1. Tek varselet til orientering.	1. Tas til informasjon. Tett dialog med BKK og Statnett forutsettes i det vidare plan-og prosjekteringsarbeidet.
19	Statsforvalteren i Vestland, 04.05.2021	1. Har ingen merknader til utvidinga.	1. Tas til informasjon.
20	BKK, 14.05.21	<p>1. Informerer om ny kraftledning i luft i utvidelsesområde ved transformatorstasjonen, og ber om at tunnel ikkje vert lagt slik at denne kommer i konflikt med eksisterande eller nye kablar eller luftleidningar, herunder mastepunkt.</p> <p>2. Informerer om at trasear for kabelanlegg i bakke ikkje må teiknast i plankartet.</p>	<p>1. Tas til etterretning.</p> <p>2. Tas til etterretning</p>
21	Bergen sjøfartsmuseum, 04.05.21	1. Har ingen merknader til utvidinga.	1. Tas til etterretning